

Særutskrift

For

Giske kyrkjelege fellestråd

Tid: 24. august 2010

Giske kyrkjelege fellestråd har i møte den 24. august 2010 hatt følgjande sak til handsaming:

38/2010 Høyring - endringer i gravferdslov og kyrkje lov

VEDTAK

Giske kyrkjelege fellestråd (GKF) gjev følgjande høyringssvar:

I Norge har vi hatt ei forholdsvis streng lovgivning for kyrkjegardar/gravlunder og det har vore lett å administrere - på grunn av akkurat dette. Etter å ha lest forslaget til endring sit vi igjen med inntrykket av at "alt" blir lov. Vi som administrer kyrkjegardane ser at dette blir eit stor forandring med mykje meir administrasjon og tilretteleging. I § 3 i gravferdsloven står det: "Kirkelig fellestråd har ansvar for at kirkegårder og bygninger på kirkegårder forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser." Her blir det lagt vekt på orden og verdighet, og kva er då det i møte med dei ulike skikkane ifrå andre religionar? GKF synes det er mykje usikkerhet i forhold til andre gravskikker, t.d. Kva slag festetid har andre religioner? kva slag monument er lov å setje opp? Kva tekster og symbol blir tillate? Det er svært mange spørsmål som kjem opp i denne samanheng.

GKF synest at dei kostnadmessige effektane er undervurdert i forhold til dei foreslåtte endringane.

GKF meiner at det bør avsetjast felt som ikkje er vigsla.

GKF ønskjer å halde på hovudregelen om at avdøde skal gravleggast innan 8 dagar, men at det kan gjevast dispensasjon ved særlege høve i inntil 14 dagar dersom forholda ligg til rette for det.

GKF ønskjer at det blir lagt til rette for at dødfødt barn har same rett til å bli gravlagt i enten mor si heimkommune eller far si heimkommune.

Giske kyrkjelege fellestråd

TV
